


Fylkesplan for  
Møre og Romsdal  
2017 - 2020



# Handlingsprogram for **Kultur** 2018



Møre og Romsdal  
fylkeskommune



## Innholdsfortegnelse

Det regionale plansystemet	4
Fylkesplan for Møre og Romsdal	4
Strategiar og fagmeldingar som skal følgast opp i Handlingsprogram kultur:	5
Hovudmål 1: Frivillige lag og organisasjonar skal skape mangfald og engasjement i lokalsamfunna	6
Hovudmål 2: Utvikle, formidle og ta vare på kulturarven som kjelde til opplevelse, kunnskap og bruk	7
Hovudmål 3: Kunst- og kulturformidlinga skal vere allsidig, kunnskapsbasert, av høg kvalitet og for alle	10
Hovudmål 4: Nærmiljø og lokalsamfunn skal fremme god fysisk og psykisk helse	12
Hovudmål 5: Biblioteka skal vere aktive formidlarar av kunnskap og kultur, ein uavhengig møteplass og debattarena	13
Tilskot	14
Budsjett Handlingsprogram 2018	15

Handlingsprogram kultur er konkretiseringa av måla for innsatsområde kultur i Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020.

Handlingsprogrammet inneheld dei viktigaste utviklingstiltaka kommande år. Fagavdelingane har i tillegg egne verksemdsplanar med meir detaljert omtale av fylkeskommunens arbeid på dei prioriterte innsatsområda.

### **Det regionale plansystemet**

Handlingsprogram kultur er heimla i Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020.

Regional planstrategi gir ein oversikt over dei største utfordringane og moglegheitene for fylket framover og prioriterte planoppgåver. Planstrategien viser også til dei nasjonale føringane som er gitt for den regionale planlegginga og korleis desse skal takast omsyn til i Møre og Romsdal.

Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020 finn de her: [www.mrfylke.no/rps](http://www.mrfylke.no/rps)

I den regionale planstrategien har fylkestinget prioritert å ha ein overordna regional plan, Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020.

Fagmeldingar, strategiar og andre planar som ikkje er utarbeidd etter krava i plan- og bygningslova skal knytast til fylkesplanen gjennom handlingsprogramma.

### **Fylkesplan for Møre og Romsdal**

Fylkesplan 2017-2020, regional plan for Møre og Romsdal, vart vedtatt av fylkestinget 13. desember 2016 (sak T-84/16).

Fylkesplanen gir høve til å sjå utviklinga på ulike sektorar og forvaltningsnivå under eitt, og bringe sammen aktørar frå ei rekke ulike samfunnsområde. Planen skal vere vegvisar for korleis vi ønskjer å utvikle samfunnet Møre og Romsdal og legge til rette for brei oppfølging av felles mål.

Fylkesplanen har tre overordna prioriteringar, tre innsatsområde og tre gjennomgåande perspektiv.

Innsatsområda er dei områda der fylkeskommunen har størst kompetanse og verkemidlar til å påverke den regionale utviklinga. Desse innsatsområda blir følgd opp av eit handlingsprogram, der Handlingsprogram kultur er eitt av tre.

Handlingsprogramma til fylkesplanen legg føringar for val av tiltak og bruk av økonomiske verkemiddel som er avsett til regional utvikling i Møre og Romsdal.

### **Overordna prioriteringar**

Som ein del av fylkesplanen, er det trekt inn overordna prioriteringar – utviklingstrendar som i særleg grad utfordrar både samfunnet Møre og Romsdal og fylkeskommunen som tenesteleverandør og samfunnsutviklar. Samstundes ligg det store moglegheiter innanfor dei same områda om ein lykkast med å påverke utviklinga i positiv retning. I komande planperiode vil Møre og Romsdal fylkeskommune ha særleg og tverrfagleg merksemd på følgjande område:

- Attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar
- Omstilling
- Integrering

### Gjennomgåande perspektiv

Dei gjennomgåande perspektiva er nasjonalt prioriterte samfunnsomsyn som fylkeskommunen – og kommunane og statsetatane – skal vurdere i alle planar og tiltak. Dei gjennomgåande perspektiva skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid og legge grunnlag for at fylkeskommunen skal kunne vareta sentrale formål i plan- og bygningslova. Perspektiva skal vurderast for alle tiltaka i handlingsprogramma.

Fylkestinget vidarefører tre gjennomgåande perspektiv i fylkesplanen for 2017-2020:

- Klima og miljø
- Barn og unge
- Likestilling og inkludering

Dei gjennomgåande perspektiva er symbolisert slik i Handlingsprogrammet



Barn og unge



Likestilling og inkludering



Klima og miljø



Folkehelse

### Strategiar og fagmeldingar som skal følgast opp i Handlingsprogram kultur:

- [Regional delplan for folkehelse](#)
- [Regional delplan for kulturminne](#)
- [Regional delplan for museum](#)
- [Internasjonal strategi for Møre og Romsdal 2017-2020](#)
- [Forskings- og innovasjonsstrategi 2016-2020](#)



Klikk på lenke for nærare omtale av desse.

Fylkeskommunen ved kulturavdelinga har ansvaret for oppfølging av alle tiltaka i dette handlingsprogrammet. Kontaktperson er Carina Stokke, tlf 71 28 02 92, [carina.stokke@mrfylke.no](mailto:carina.stokke@mrfylke.no)

## Hovudmål 1: Frivillige lag og organisasjonar skal skape mangfald og engasjement i lokalsamfunna








Frivillige lag og organisasjonar er ein sentral føresetnad for kulturlivet i Møre og Romsdal, og spelar ein viktig rolle for å skape mangfald og engasjement i lokalsamfunna. Å styrke rammevilkåra til frivillig sektor, gjennom til dømes tilskot, kompetansehevande kurs, nettverk og samlokalisering, vil vere viktig i åra som kjem.

### Resultatmål 1: Attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar - Det er etablert føreseielege rammevilkår for frivillige lag og organisasjonar

Tiltak	Samarbeidspartar	Budsjett	Gjennomgåande perspektiv
Utvikle modellar for frivillighus	Frivillig sektor Kommunane Kulturavdelinga	300 000	 
Gjennomføre forprosjektet "Møre og Romsdal kulturkrets" <sup>1</sup>	Frivilligforum Kulturavdelinga	200 000	

<sup>1</sup> Vi ønskjer å sjå på moglegheiter for å etablere, og sjå på effektar av ein regional organisasjon som tek i vare interessene til kulturorganisasjonar, på same måte som idrettskretsen gjer for idretten i fylket.

### Resultatmål 2: Integrering – Frivillige lag og organisasjonar skal fremje integrering og inkludering gjennom prosjekt og tiltak i lokalsamfunna

Tiltak	Samarbeidspartar	Budsjett	Gjennomgåande perspektiv
Starte opp prosjektet "Likeverd-Inkludering-Mangfald – Frivillighet som LIM i lokalsamfunna	VOFO <sup>1</sup> Kulturavdelinga	500 000	 
Gjennomføre prosjektet "Sosialt entreprenørskap i skulen"	Ungt Entreprenørskap Kulturavdelinga	<sup>2</sup>	 
Gjennomføre "UKM-MANGFALD" <sup>3</sup> i 3-5 kommunar	Kulturavdelinga Kommunar/ Kulturskulane UKM Møre og Romsdal musikkråd	<sup>4</sup>	   

<sup>1</sup> Voksenopplæringsforbundet – interesseorganisasjonen til studieforbunda

<sup>2</sup> Midlar tildelt i 2017 – KF-27/17

<sup>3</sup> Bidra til å auke deltakinga på UKM (Ung kultur møtes), spesielt frå minoritetsgrupper og andre grupper som tidlegare ikkje har vore god representert.

<sup>4</sup> Midlar tildelt 2017

Summert bruk av verkemidlar	KRONER
Tilskot utviklingsprosjekt	1 000 000
Tilskot frivillig verksemd – søknadsbasert ( sjå side 13 i dokumentet)	2 800 000
<b>Samla budsjett resultatmål 1, 2018</b>	<b>3 800 000</b>

## Hovudmål 2: Utvikle, formidle og ta vare på kulturarven som kjelde til opplevelse, kunnskap og bruk

Kulturminne og kulturmiljø er viktig for å byggje identitet og skape attraktive lokalsamfunn, og som grunnlag for reiseliv og verdiskaping i kommunane. Kulturarven er vår felles hukommelse, og det er viktig å sikre god historiekunnskap gjennom forskning og forvaltning. Ved å kombinere utvikling og vern vil ein også kunne formidle og ta i bruk kulturarven som ein verdifull ressurs, utan at kunnskap og opplevingar vert redusert for framtidige generasjonar.

### Resultatmål 1: Attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar – ta i bruk kulturarven i by- og tettstadsprosjekt

Tiltak	Samarbeidspartar	Budsjett	Gjennomgåande perspektiv
Starte opp pilotprosjektet "Ein bit av historia" – Kystpilegrimsleden og Den Trondhjemske Postveg	Kulturavdelinga Regional- og næringsavdelinga Kommunar Frivillig sektor Næringsliv Riksantikvaren	2 000 000	
Kul-TUR – marknadsføre kulturstiar gjennom morotur.no	Kulturavdelinga Regional- og næringsavdelinga	<sup>1</sup>	

<sup>1</sup> Innanfor ramme 56

### Resultatmål 2: Omstilling – identifisere og arbeide med utfordringar og moglegheiter for kulturarven som følge av klimatiske, teknologiske og samfunnsmessige endringar.

Tiltak	Samarbeidspartar	Budsjett	Gjennomgåande perspektiv
"Dig-it" – digitalisere og tilgjengeleggjere kulturhistorisk arkiv	Kulturavdelinga Landsdelsmusea SEDAK Riksantikvaren	500 000	
Utarbeide beredskapsplan for kartlegging og sikring av arkeologiske funn i snøfonner ved klimaendringar	Kulturavdelinga Statens naturoppsyn Landsdelsmusea Frivillig sektor	<sup>1</sup>	

<sup>1</sup> Innanfor ramme 54

**Resultatmål 3: Regional delplan for kulturminne – forvalte, formidle og bruke kulturarven på ein berekraftig måte som aukar kunnskap og medvitnet om regionen sine kulturverdiar**

Regional delplan for kulturminner gir ei oversikt over kulturminne og kulturmiljø av regional og nasjonal verdi i Møre og Romsdal. Denne vert lagt til grunn for både vernetiltak, tilskotsforvaltning, skjøtsel og restaurering, og skilting og formidling, og bidreg til å gjere kulturminnepolitikken i fylket meir samkøyrte og føreseieleg.

Tiltak	Samarbeidspartar	Budsjett	Gjennomgåande perspektiv
Alle kommunar skal ha ei kulturminneplan eller ei lett tilgjengeleg oversikt over kulturminne og kulturmiljø	Kulturavdelinga Kommunane Riksantikvaren	200 000	
Utarbeide formidlingsvennlege tekster til objekta i Regional delplan i kommunar med vedtatt kulturminneplan	Kulturavdelinga Kommunane	<sup>1</sup>	
Kartlegge tilstand og sårbarheit på kulturminner og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi i kommunar med kulturminneplan	Kulturavdelinga Kommunane Nasjonalparkstyra Statens Naturoppsyn		
Starte opp kartlegging av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA <sup>2</sup> )	Kulturavdelinga Kommunane Riksantikvaren	100 000	

<sup>1</sup> Innanfor ramme 54

<sup>2</sup> KULA - kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Et nasjonalt register og oversikt over kulturlandskap, initiert av Riksantikvaren. Skal mellom anna vere eit reiskap for offentleg forvaltning si planlegging.




**Resultatmål 4: Regional delplan for museum – Gjere musea i stand til å bli samfunnsutviklarar gjennom utvikling av kunnskap, verkty, tenester og metodikk**

Musea i Møre og Romsdal formidlar, forskar på, og forvaltar eit breitt spekter av kunnskap og opplevingar. Dei er identitetsmarkørar i lokalsamfunnet, for regionen og landet som heile. Musea er kunnskapsaktørar med eit samfunnsoppdrag om å medverke til folkeopplysing og demokratisering gjennom deira verksemd – som er særst allsidig.

Regional delplan for museum skal gi ei peikepinn på kva ambisjonar og ønske Møre og Romsdal har for utviklinga av dei konsoliderte musea i fylket. Dei fem overordna innsatsområda er forvaltning, forskning, formidling, frivillige, fellestenester og fornying i organisasjon. For å nå måla, legg planen opp til tettare samarbeid mellom musea og andre relevante institusjonar.

Tiltak	Samarbeidspartar	Budsjett	Gjennomgåande perspektiv
Støtte inntil 4 mastergradstudentar i musea	Musea Kulturavdelinga	100 000	
Støtte kompetansehevande tiltak i musea	Musea Kulturavdelinga	200 000	
Vedta forskings- og innovasjonsstrategi for musea.	Musea	<sup>1</sup>	
Vedta felles plan for samlingsforvaltning i musea	Musea	<sup>1</sup>	
Styrke fellesfunksjonane i dei kulturhistoriske musea	Musea Kulturavdelinga	<sup>2</sup>	
Inngå avtale mellom fylkeskommunen og musea om samarbeid om fartøy- og bygningsvern.	Musea Kulturavdelinga		



Slutføre prosjektet «Folkemusikk- og folkedansarven i Møre og Romsdal»	Kulturavdelinga Folkemusikkarkivet Musea i Møre og Romsdal Møre og Romsdal folkemusikklag Noregs Ungdomslag Møre og Romsdal Frivillige lag og organisasjonar		<sup>3</sup> 
Utarbeide handbok med døme på "best practice" for frivillige som ressurs innan museum og offentleg kulturminne-forvaltning.	Kulturavdelinga Musea	200 000	
Støtte prosjekt som fremjer utvikling i retning av større museumseiningar	Musea Kulturavdelinga		<sup>4</sup>
Etablere nettverk og møteplassar for handverkarar innanfor tradisjonelle byggfag i Møre og Romsdal	Kulturavdelinga Musea Næringsliv Frivillig sektor		<sup>5</sup> 

<sup>1</sup> Inngått avtale med konsultentselskap om utarbeiding av strategi, ramme inntil 900 000 kroner.

<sup>2</sup> Viser til sak KF-1/18 – Driftstilskot til regionale kulturinstitusjonar

<sup>3</sup> Midlar løyvd i 2014

<sup>4</sup> Dekt av reservepost for museum

<sup>5</sup> Innanfor ramme 52

Summert bruk av verkemidlar	KRONER
Tilskot utviklingsprosjekt	3 300 000
Tilskot kulturminneforvaltning – søknadsbasert ( sjå side 13 i dokumentet)	9 250 000
<b>Samla budsjett resultatmål 2, 2018</b>	<b>12 550 000</b>

### Hovudmål 3: Kunst- og kulturformidlinga skal vere allsidig, kunnskapsbasert, av høg kvalitet og for alle

Kulturlivet i Møre og Romsdal består både av profesjonelle og frivillige aktørar. Felles for suksessen til begge partar er tilgang på gode lokale for øving, produksjon og visning. Profesjonelle kunstnarar er viktige bidragsytarar i det lokale og regionale kulturlivet, og betre tilrettelegging for desse er sentralt for vidare utvikling av kulturtilbodet og kreative næringer. Kulturtilbod og kulturverksemdar bidreg til utvikling av attraktive lokalsamfunn for næringsutvikling, ein mangfaldig arbeidsmarknad, verdiskaping og busetting. I tillegg er kulturlivet svært viktig som arena for inkludering og meistring.

#### Resultatmål 1: Attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar – Etablere prosjekt som styrkar profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar som stadsutviklarar

Tiltak	Samarbeidspartar	Budsjett	Gjennomgåande perspektiv
"Puls!" Kunst og kultur som viktig element i stadsutvikling <sup>1</sup>	Kulturavdelinga Regional- og næringsavdelinga Kommunar Institusjonar Næringsliv		
"Mørebyen" som europeisk kulturhovudstad <sup>1</sup>	Kulturavdelinga Regional- og næringsavdelinga	500 000	
Auke talet på lærlingar i kulturinstitusjonar <sup>1</sup>	Utdanningsavdelinga Kulturinstitusjonar og –organisasjonar		

<sup>1</sup> Vi viser til økonomiplan 2018-2021 og budsjett for 2018 for nærare omtale av tiltaka.



#### Resultatmål 2: Omstilling – Auka verdiskaping og innovasjonskraft i kreative og kulturelle næringer

Tiltak	Samarbeidspartar	Budsjett	Gjennomgåande perspektiv
Vedta kunstpolitikk for Møre og Romsdal og i verksette tiltak	Kulturavdelinga	500 000	
Etablere publikumsutviklingsprosjekt for profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar	Kulturavdelinga Regional- og næringsavdelinga Kulturinstitusjonar Private aktørar Næringsliv Kompetansesenter	600 000	
Startstipend for kreative talent	Kulturavdelinga Regional- og næringsavdelinga	400 000	
Gjennomføre mentorprogram for kreativ næring	Kulturavdelinga Regional- og næringsavdelinga hoppid.no Eksterne miljø	<sup>1</sup>	
Pilot <sup>2</sup> Reisestipend for profesjonelle kunstnarar Stipend for husflid og handverk	Kulturavdelinga	200 000	

<sup>1</sup> Midlar tildelt i 2017.

<sup>2</sup> Nærare omtale i saksframlegget

**Resultatmål 3: Integrering – det er etablert møteplassar for barn og unge som fremjer mangfald og inkludering**

Tiltak	Samarbeidspartar	Budsjett	Gjennomgåande perspektiv
Gjennomføre «Kunstverkstad i innføringsklasser» i 3-5 kommunar <sup>1</sup>	Kulturavdelinga Kommunane	<sup>2</sup>	 

<sup>1</sup> Gjennom «Kulturlauget» kan skulane bestille ulike former for kulturverkstader som del av tilbodet i Kultursekken, kor profesjonelle utøvarar innan mange kulturuttrykk arbeider saman med elevane.

<sup>2</sup> Midlar tildelt i 2017


Summert bruk av verkemidlar	KRONER
Tilskot utviklingsprosjekt	2 200 000
Tilskot kunst- og kulturformidling – søknadsbasert ( sjå side 13 i dokumentet)	4 780 000
<b>Samla budsjett resultatmål 3, 2018</b>	<b>6 980 000</b>

## Hovudmål 4: Nærmiljø og lokalsamfunn skal fremme god fysisk og psykisk helse

Planlegg vi for forfall? Kunnskap om kva som gir god helse må i større grad legge føringar for fysisk utforming av lokalmiljøa og tilrettelegging av sosiale møteplassar.



I dei neste 10 åra vil det vere ein nasjonal dugnad på å arbeide med psykisk helse i befolkninga. Dei viktigaste byggesteinane for god psykisk helse er oppleving av identitet, mening, meistring, tilhør, trygghet, sosial støtte og sosiale nettverk. Fylkeskommunen vil i planperioden samarbeide med kommunane om korleis barnehage, skule og andre aktørar kan bli betre på å bygge god psykisk helse.

### Resultatmål 1: Attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar – gjennomføre tiltak for å utvikle helsefremmande nærmiljø og styrke friluftslivet sin rolle innanfor reiselivssatsinga

Tiltak	Samarbeidspartar	Budsjett	Gjennomgåande perspektiv
Starte opp prosjektet "Jenteløftet 2018-2020" <sup>1</sup>	Kulturavdelinga Fotballkretsane	500 000	
Innhente kunnskapsgrunnlag og utarbeide politikk for anleggsutvikling i Møre og Romsdal	Kulturavdelinga Plan- og analyseavdelinga Møre og Romsdal Idrettskrets Friluftsråda	500 000	
Utgjeie grunnlag for etablering av Skjærgardsteneste i Møre og Romsdal	Kommunane Friluftsråda Miljødirektoratet		
Vidareutvikle morotur.no som friluftslivs- og reiselivsprodukt	Kulturavdelinga Regional- og næringsavdelinga		
Vidareføre prosjektet kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunane	Friluftsråda Kommunane Kulturavdelinga Plan- og analyseavdelinga	200 000	

<sup>1</sup> Ein viser til [økonomiplanen](#) for nærare omtale av tiltaka

### Resultatmål 2: Regional delplan for folkehelse - Styrke folkehelsearbeidet i fylket gjennom deltaking i nasjonale folkehelsesatsingar

Tiltak	Samarbeidspartar	Budsjett	Gjennomgåande perspektiv
Utarbeide søknad om å bli programfylke i "Program for folkehelsearbeid i kommunane", nasjonal satsing.	Kulturavdelinga Kommunane		
Ta i bruk kunnskapen frå «Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse» (nasjonalt prosjekt 2016-2018) i lokalt folkehelsearbeid	Kulturavdelinga Ørsta, Volda, Ulstein, Ålesund, Sunndal og Giske kommunar, Høgskulen i Volda	2 000 000 <sup>1</sup>	



<sup>1</sup> Finansiert over statsbudsjettet

Summert bruk av verkemidlar	KRONER
Tilskot utviklingsprosjekt	3 200 000
Tilskot folkehelse og fysisk aktivitet – søknadsbasert ( jf. s 13 i dokumentet)	80 050 000
<b>Samla budsjett resultatmål 4, 2018</b>	<b>83 250 000</b>

## Hovudmål 5: Biblioteka skal vere aktive formidlarar av kunnskap og kultur, ein uavhengig møteplass og debattarena

Biblioteket skal vere ein arena for kunnskap, kultur og kreativitet, og legge til rette for møte mellom menneske. Biblioteka er for mange ein viktig arena for å lære om språk og kultur – ein vesentleg faktor for deltaking, integrering og demokrati. Bibliotekenestene skal utviklast i takt med samfunnsutvikling og innbyggerane sine behov. Biblioteka skal legge til rette for auka digital kompetanse og livslang læring.

### Resultatmål 1: Attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar – biblioteket er ein tilgjengeleg og synleg kulturinstitusjon i tettstadsutviklinga

Tiltak	Samarbeidspartar	Budsjett	Gjennomgåande perspektiv
Utvikle skaparverkstad/makerspace i 3-5 bibliotek. <sup>1</sup>	Fylkesbiblioteket/ kulturavdelinga Kommunane Lag og organisasjonar Næringsliv	1 000 000	 




<sup>1</sup> Makerspace er eit samarbeidsprosjekt kor ein lærer å utforske, dele erfaringar, kunnskap og utveksle idear. Makerspace er dynamisk og blir forma og forandra etter dei personane som deltek, samt dei behov som finns og oppstår. Gjennom Makerspace/skaparverkstad blir biblioteka ein arena for kreativitet og skaparkraft.

### Resultatmål 2: Omstilling – styrke endrings- og omstillingskompetanse i biblioteksektoren

Tiltak	Samarbeidspartar	Budsjett	Gjennomgåande perspektiv
Utvikle og gjennomføre leiarutviklingsprogram for tilsette i folkebiblioteka	Fylkesbiblioteket/ kulturavdelinga Kommunane	500 000	
Gjennomføre kompetansekartlegging blant tilsette i folkebiblioteka	Fylkesbiblioteket/ kulturavdelinga	<sup>1</sup>	

<sup>1</sup> Innanfor ramme 53

### Resultatmål 3: Integrering – Bygge opp biblioteka som arena for deltaking, inkludering og demokrati

Tiltak	Samarbeidspartar	Budsjett	Gjennomgåande perspektiv
Gjennomføre skriveverkstadar i 4 kommunar for unge innvandrarar	Fylkesbiblioteket/ kulturavdelinga Kommunane – folkebibliotek og vaksenopplæring Nasjonalbiblioteket	90 000	 
Prøve ut fleirkulturelle bibliotektenester i biblioteka	Fylkesbiblioteket/ kulturavdelinga Kommunane Lag og organisasjonar Nasjonalbiblioteket	100 000	

Summert bruk av verkemidlar	KRONER
Tilskot utviklingsprosjekt	1 690 000
Tilskot bibliotek – søknadsbasert ( sjå side 13 i dokumentet)	200 000
<b>Samla budsjett resultatmål 5, 2018</b>	<b>1 890 000</b>

## Tilskot

### Hovudmål 1:

Tilskot frivillig verksemd	Budsjett
Tilskot til prosjekt i frivillig verksemd – søknadsbasert	1 000 000
Tilskot til frivillig fleirkulturell verksemd – søknadsbasert	500 000
Tilskot til lokale konsertarrangørar (konsertstøtte) – søknadsbasert	300 000
Tilskot til større idrettsarrangement - søknadsbasert	300 000
Møremusikarordninga - frilanstenster	700 000

### Hovudmål 2:

Tilskot kulturminneforvaltning	Budsjett	
Tilskot til forundersøkingar eller arkitektfagleg bistand for bygningar og anlegg - søknadsbasert	100 000	
Tilskot til istandsetting og vedlikehald av freda bygningar og anlegg – søknadsbasert (Riksantikvaren)	5 500 000 <sup>1</sup>	
Tilskot til istandsetting og vedlikehald av bygningar og anlegg i verdsarvområde – søknadsbasert (Riksantikvaren)	1 500 000 <sup>1</sup>	
Tilskot til istandsetting og vedlikehald av kulturminne og kulturmiljø av regional og lokal høg verdi - søknadsbasert	1 000 000	
Tilskot til fartøyvern – istandsettings- og vedlikehaldstiltak – søknadsbasert (Riksantikvaren 50%)	Riksantikvaren FK	500 000 500 000
Tilskot til skilting, skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne		150 000

<sup>1</sup>Tal frå 2017

### Hovudmål 3:

Tilskot kunst- og kulturformidling	Budsjett
Kunstnarstipend	600 000
Tilskot til profesjonell kunst- og kulturproduksjon	500 000
Kulturbyggmidlar	2 480 000 <sup>1</sup>
Kulturrabatt for ungdom	1 200 000
Startstipend for kreative talent	<sup>2</sup>
Stipend for husflid og handverk	<sup>2</sup>
Reisestipend til profesjonelle kunstnarar	<sup>2</sup>

<sup>1</sup>Tal frå 2017

<sup>2</sup>Sjå hovudmål 3 for budsjett

### Hovudmål 4:

Tilskot folkehelse og friluftsliv	Budsjett
Tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet	75 000 000 <sup>1</sup>
Tilskot til mindre friluftstiltak – søknadsbasert	150 000
Tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde - søknadsbasert	2 000 000
Tilskot til skilting og merking av turstiar	450 000
Tilskot til friluftaktivitet	2 000 000
Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet og folkehelse	250 000
Fiskesprell – tilskot til kurs og kursmateriell i kommunane, barnehagar - søknadsbasert	200 000 <sup>2</sup>

<sup>1</sup>Tal frå 2017

<sup>2</sup> Finansiert av Norsk Sjømatråd, tal frå 2016.

### Hovudmål 5:

Tilskot bibliotek	Budsjett
Tilskot til arrangement i biblioteka – søknadsbasert	200 000

## Budsjett Handlingsprogram for kultur 2018

Resultatmål	Budsjett
1. Frivillige lag og organisasjonar skal skape mangfald og engasjement i lokalsamfunna	3 800 000
2. Utvikle, formidle og ta vare på kulturarven som kjelde til opplevelse, kunnskap og bruk	12 250 000
3. Kunst- og kulturformidlinga skal vere allsidig, kunnskapsbasert, av høg kvalitet og for alle	6 980 000
4. Nærmiljø og lokalsamfunn skal fremme god psykisk helse	83 250 000
5. Biblioteka skal vere aktive formidlarar av kunnskap og kultur, ein uavhengig møteplass og debattarena	1 890 000
<b>Sum</b>	<b>108 470 000</b>



**Møre og Romsdal  
fylkeskommune**

Fylkeshuset, 6404 Molde  
Telefon 71 25 80 00  
[post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)  
[www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no)